



Austevoll kommune

5392 STOREBØ

Dato: 13.08.2015
Vår ref.: 2015/580-9
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Ferjesambandet Husavik-Sandvikvåg

Syner til brev av 31.10.2014 som de ved ein inkurie ikkje har fått svar på. Ferjedrifta i fylket er basert på lange kontrakter med ein definert produksjon. Produksjonsvolumet er knytt opp til dei årlege budsjettråmene.

For 2015 er det ikkje økonomisk rom for produksjonsauke i ferjedrifta. Når det gjeld situasjonen i 2016 er det for tidleg å seia noko om kva råmer ein får for ferjedrifta. Det vil vera mest naturleg å vurdere større endringar i rutetilbodet i samband med ny anbudsrunde. Ein kan då lettare vurdere tilboda i sambanda opp mot kvarandre enn i den løpande drifta.

For sambandet Husavik-Sandvikvåg vil det starta opp eit nytt anbod frå 01.01.2018. Anbudsprosessen startar i løpet av 2016, og ein vil då ta med seg kommunen sitt innspel om utvida drift på sambandet. Ein syner elles til brev frå Skyss av 10.08.15 til kommunane i Sunnhordland, der ein inviterar til dialog om justeringar av ferjetilbodet i samband med førebuing til nye anbodskonkurransar.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.